



Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 18/2038-1

## **Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt 2019 - 2021**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent.
2. Årlege planleggingsmidlar vert fordelt i samband med handsaming av dei årlege budsjetta.

**Vedlegg:**

Framlegg til planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt 2019 - 2021

**Andre relevante dokument i saka:**

- HS-sak 5/2018 Fylkesveg – fordeling av planleggingsmidlar 2018
- FT-sak 57/17 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 – 2027
- FT-sak 59/2017 Budsjett 2018/økonomiplan 2018 - 2021

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

Fylkestinget godkjende Regional transportplan (RTP) for Sogn og Fjordane i møte 5.12.2017, sak 57/2017. Basert på dette vedtaket, samt budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021, handsama hovudutvalet for samferdsle (HS) sak om fordeling av planleggingsmidlar for 2018 som sak 5/2018 i møte 12. februar 2018. I saksframlegget stod det at vi skulle koma attende med sak om planleggingsprogram for perioden 2019 – 2021.

Sentrale problemstillingar

I framlegget til planprogram er det fokus på tida fram til og med 2021. Vi har og synt kva vi meiner vi kan vente med å planlegge til etter 2021 ut frå gjeldande prioritering. Prioriteringar og marginallister i RTP 2018-2027 ligg til grunn for den føreslegne prioriteringa, samt ordlyden i vedtaket som Fylkestinget gjorde då dei handsama dette. Planleggingsprogrammet må tolkast som eit handlingsprogram for planlegging. Årleg løyving til planlegging vert endeleg fordelt av HS i samband med dei årlege budsjetta.

Omtale av prioriteringa

Det er hovudsakleg teke omsyn til følgjande prosjekt:

- Prosjekt som skal gjennomførast i 2018 – 2021, jf. investeringsprogrammet i Regional transportplan for 2018 - 2027
- Prosjekt som er spesielt omtala i fylkestingsvedtaket ved handsaming av Regional transportplan for 2018 – 2027
- Marginalprosjekt

For perioden 2019-2121 er det vedteke ei ramme til planlegging og prosjektering på 7 mill.kr 2018-kr pr. år. Fordeling av midlane til planlegging vil bli gjort i årleg sak om fordeling. Beløpa som er lagt inn på dei ulike prosjekta i planprogrammet må difor sjåast på som førebelse.

I RTP er det sett av ufordelte midlar til mindre utbetringer, gang- og sykkelvegar, trafikktryggingstiltak og kollektivtiltak. Dette vil i stor grad vere tiltak der det ikkje er trøng for reguleringsplan. Dersom det skulle vere trøng for midlar, vil dette bli tilført i samband med fordeling av dei årlege planmidlane.

I framlegget til planprogram er det føreslege å starte planlegging på dei tre første prosjekta på marginalistene under kvart av programområda; store prosjekt, mindre investeringar, gang- og sykkelvegar og skredsikring.

#### Sams vegadministrasjon

Det er lagt til grunn at det hovudsakleg er planlegging etter plan- og bygningslova som skal finansierst med planleggingsmidlar, og at overordna utgreiingar for ein stor del kan finansierast gjennom *sams vegadministrasjon*, innanfor ramma i leveranseavtalen mellom Statens vegvesen og fylkeskommunen.

Utgreiingsoppgåver som kan definerast som «Fagleg grunnlag for overordna planlegging, budsjettarbeid og leiing (ekskl. prosjektredda planlegging)» kan dekkast gjennom sams vegadministrasjon.

#### Andre opplysningar

Prosjekta nedanfor vart spesielt omtala i FT-vedtaket ved handsaming av RTP 2018-2027:

##### *Fv. 57 Dale - Storehaug*

FT bad om at det vart sett av 60 mill.kr til delprosjekt på fv. 57 Dale – Storehaug. I RTP er det sett av 10 mill.kr i 2019 og 50 mill.kr i 2020. Fjaler og Gauldalen kommunar arbeider med reguleringsplanar. Vi har i planprogrammet sett av midlar til tilpassing til eksisterande reguleringsplanar og ev. grunnundersøkingar.

##### *Fv. 60 Loen – Solvik (Stryn)*

FT bad om at det vart sett av midlar til planlegging av gang- og sykkelveg på strekninga i 2019. Dette er teke omsyn til i planprogrammet. Strekninga Loen – Rake er prioritert på 2. plass på marginalista under gang- og sykkelvegar i Regional transportplan.

##### *Fv. 614 Svelgen – Indrehus (Bremanger)*

I FT-vedtaket for RTP står at arbeidet med reguleringsplanen vert starta første halvår 2018. Det er løyvd kr 600 000 til reguleringsplanarbeidet i 2018. I planprogrammet er det lagt opp til gjennomføring av naudsynte grunnundersøkingar i 2018-19. Prosjektet har startsløyving i 2020.

##### *Fv. 615 Hyen - Storebru*

FT har bedt om at prosjekt knytt til strekninga vert vurdert under Mindre utbetringer. Det vart løyvd 100.000 til prosjektavklaring ved fordeling av planleggingsmidlar 2018. Ev. trøng for meir midlar til planlegging vert vurdert når det er avklara kva tiltak som skal gjennomførast, i samband med årleg fordeling av planleggingsmidlar.

##### *Fv. 615 Sandane - Fitje*

FT bad om at det vart sett av midlar til planlegging av gang- og sykkelveg på strekninga i 2019. Dette er teke omsyn til i planprogrammet. Strekninga er prioritert på 1. prioritet under Gang- og sykkelvegar i RTP.

##### *Fv. 724 Oldedalen*

FT bad om at prosjekt knytt til strekninga vert vurdert under Mindre utbetringer. Det vart løyvd 100.000 til prosjektavklaring ved fordeling av planleggingsmidlar 2018. Det vart her sett av. Ev. trøng for meir midlar til planlegging vert vurdert når det er avklara kva tiltak som skal gjennomførast, i samband med årleg fordeling av planleggingsmidlar.

#### Fv. 55 Kjenes

Prosjektet er eit skredsikringsprosjekt og har startløyving på 100 mill.kr i 2021, og vert fullfinansiert i 2022-2023. For å kunne nytte 100 mill. kr i 2021 trengs det planmidlar i 2018. I HS-sak 5/2018 Fylkesveg – fordeling av planleggingsmidlar 2018, står det at fylkesdirektøren vil vurdere vidare framdrift for prosjektet i samband med tertialrapportane i 2018. I planprogrammet har vi foreslått at det vert løyvd midlar til reguleringsplan i 2019 og 2020.

#### Atløysambandet

Fylkestinget gjorde vedtak om at det skal setjast av planleggingsmidlar til detaljplanlegging for Atløysambandet i første periode i RTP. I planleggingsprogrammet foreslår vi at arbeidet med reguleringsplan vert starta i 2020 og ferdigstilt i 2021.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Slik fylkesrådmannen vurderer det er ramma på 7 mill.kr pr. år til planlegging tilstrekkeleg. Fordeling av desse midlane vil bli gjort i årleg sak til hovudutval for samferdsle.

#### Plankonsekvens

Fylkesrådmannen ser det ikkje som ønskjeleg å lage reguleringsplanar for tiltak som ligg langt fram i tid. Krav til utforming av veganlegg endrar seg over tid. I tillegg må planane gjennom ny handsaming etter 10 år dersom dei skal nyttast som grunnlag for ekspropriasjon. For tidleg planlegging kan såleis medføre at arbeidet må gjerast fleire gonger ført tiltak vert realisert.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at planleggingsprogrammet vert vedteke i tråd med tilråding i saka. Fordeling av planmidlane vert gjort i årleg sak til hovudutval for samferdsle.